

Kjeldekritikk og vurdering av internettsider

Truverdig betyr det same som å vere påliteleg, og at noko er riktig. Når du skal vurdere truverdet til ei nettside, kan det vere lurt å tenkje over **kven**, **korleis**, **kva** og **kvifor**.

Kven står bak nettsida? Er det privatpersonar, ein organisasjon, ei bedrift? Er det fagpersonar som har skriva innhaldet, eller er det uklart kven som leverer innhald til sida?

Korleis ser nettsida ut? Har sida ein seriøs utsjånad? Kva for sider har nettsida lenkjer til? Dette kan ofte seie noko om kva og kven nettsida identifiserer seg med. Legg òg merke til om teksten på nettsida inneheld stavefeil osv. Stavefeil er ofte eit teikn på lite truverd.

Kva seier andre kjelder om det temaet nettsida presenterer? Kontroller informasjonen med andre kjelder. Bruk faktabøker, leksikon og andre nettsider.

Kvifor har nokon oppretta nettsida? Er nettsida oppretta for å informere og presentere fagleg informasjon? Er sida meint for å underhalde eller selje noko? Kva for hensikt har nettsida?

Oppgåve 1 Gi to eksempel på nettsider du vurderer som truverdige. Grunngi kvifor du meiner sidene er truverdige.

Oppgåve 2 Gi to eksempel på nettsider du vurderer som lite truverdige. Grunngi kvifor du meiner sidene ikkje er truverdige.